



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 18.08.21
Møtetid: 1800-2000
Møtestad: Kyrkja

Tilstades:

Siv Jane Rauboti, Sverre Tufte Mundal, Hilde Supphellen, Grete Mundal, Berit Orheim, Mikael Bruun

Ord for dagen ved Mikael frå Lukas 12

Innkalling og referat frå førre møte ok

Referat:

Sak 40/21 Gudstenestene og arrangementa sidan sist

Vedtak: Alle arrangement har gått greitt, også i høve smittevernreglane. Vanleg oppmøte.

Sak 41/21 Samling for 50-/51-årskonfirmantane

Vedtak: Berre to har meldt seg på til no. Middag tinga på Fjordstova, Siv Jane og Sverre deltak frå soknerådet

Sak 42/21 Reguleringsplan for Mundal sentrum

Vedtak: Gjeld flytting av "Dampen" frå Fjordstova til Mundal/Hestaplan. Vil ikkje vere til sjenanse for kyrkja i det daglege, men eigar/drivar må få melding om gravferd og oppmoding om å halda badstova stengt medan gravferd finn stad.

Sak 43/21 160-årsjubileet til Fjærland kyrkje

Vedtak: Framlegg om å slå markeringa saman med julekonserten. Ei eiga nemnd med Torbjørn Ask, Hilde Supphellen, Grete Karin Juklestad og Hallgeir Ø. Westli arbeider vidare med saka.

Sak 44/21 Kyrkjelydsbladet

Vedtak: Sverre samlar bilete frå konfirmasjonen i haust, dette året sine konfirmantar på Samtalegudstenesta, samt bilete av frå Blomstergudstenesta og dei som fekk bøker, og legg til litt tekst/namn. Frist for innsending 27/8.

Sak 45/21 Haustfest for 70+

Vedtak: Dato for festen: 27/10, kl 1500-1700
Eiga nemnd med Kari, Klara, Nils D, Siv Jane

Sak 46/21 Halvårsplanen

Plan for hausten er sett opp med gudstenester og haustfest. Kafé- og andakts- og soknerådsdagar blir sett opp i neste møte.

Sak 47/21 Ymse

* Ønskjeleg med eit stativ på kyrkjegarden der vi kan henge opp vasskanner og små reiskap
Berit følgjer opp.

* Samling for alle sokneråd 1. 9 kl 1700-2100. på Stedjetunet. Gjeld ny kyrkjeleg organisering, sjå tilsendte dokument.

Orienteringssaker

Sak 48/21 Oppsummering/kort orientering om møter i Fellesrådet, Trusopplæringsutvalet og Diakoniutvalet

Frå Fellesrådet: Vanskar med å få vikar i kyrkjetenarstillinga for Stedje og Norum. Ny utlysing, om vi ikkje ”oppdagar” ein høveleg person...

Neste møte: 15/9 i kyrkja, frå kl 1800-2000.

For Fjærland sokneråd
Berit Orheim
- skrivar